

# 2023

## Årsmelding

## Kontrollutvalet

**Nissedal  
Kommune**

**Vestfold, Telemark og Agder kontrollutvalgssekretariat IKS**

[www.vetaks.no](http://www.vetaks.no)

# Innhald

1.	Innleiing.....	2
1.1	Kontrollutvalet si samansetjing .....	3
1.2	Rammer for kontrollutvalet sitt arbeid .....	4
2.	Kontrollutvalet sine ressursar .....	6
2.1	Sekretariatet .....	6
2.2	Revisjonen.....	6
2.3	Økonomi .....	7
3.	Kontrollutvalget si verksemd .....	8
3.1	Rekneskapsrevisjon .....	8
3.2	Forvaltningsrevisjon/eigarskapskontroll .....	9
3.3	Ansvar for økonomiforvaltninga.....	12
3.4	Anna arbeid i utvalet .....	13
4.	Vedlegg.....	14
4.1	Oversikt over saker handsama i utvalet .....	14
4.2	Kjelder til informasjon .....	17

# 1. Innleiing

Kontrollutvalet sitt arbeid skal bidra til å styrke tilliten til lokaldemokratiet. Utvalet meiner å ha bidratt til dette og vil takke kommunestyret, administrasjonen og revisjonen for samarbeidet.

Årsmeldinga er ei oppsummering av verksemda i kontrollutvalet gjennom året. Sakene til utvalet ligg på sekretariatet si heimeside: [Nissedal | VETAKS](#). På nettsida finn du og møtekalender, informasjon om kurs og konferansar, nyttige lenker om kontrollutvalet si verksemd og annan relevant informasjon.

Kommunestyret har det øvste ansvaret for å kontrollere kommunen si verksemd. Kontrollutvalet skal føre kontroll på kommunestyret sine vegner, og skal utøve arbeidet sitt i tråd med kommunelova og forskrift om kontrollutval og revisjon. Kontrollutvalet kan i prinsippet ta opp eitkvart forhold ved kommunen si verksemd så lenge det kan definerast som kontroll, men kan ikkje overprøve politiske prioriteringar som er vedtekne av kommunen sine folkevalde organ.

Kontrollutvalet skal i tråd med kommunelova § 23-5 «rapportere resultatene av sitt arbeid til kommunestyret eller fylkestinget». Formålet med kontrollutvalet si årsmelding er difor å rapportere på utvalet sitt arbeid, opp mot kontrollutvalet sine lovpålagde oppgåver og møteplan. Årsmeldinga gir òg eit bilete av den formelle rolla og instruksen til utvalet, og høvet til revisjonen og sekretariatet, i tillegg til dei viktigaste sakene som er handsama gjennom året.

## 1.1 Kontrollutvalet si samansetjing

Kontrollutvalet blei vald på det konstituerande kommunestyremøtet for perioden 2023-2027, hausten 2023, etter krava til valbarheit av kontrollutvalsmedlemmane, jf. kommunelova § 23-1 tredje ledd.

Kontrollutvalet består av følgjande 5 medlemmar og 5 varamedlemmar:

### Medlemmar av kontrollutvalet 2023 – 2027:

#### Faste medlemmer:

Sigvald Oppebøen Hansen, Leiar (AP)  
Øyvind Tveit, Nestleiar (KrF)  
Kirsten Jensby (AP)  
Kim Jørgen Berntsen (AP)  
Marianne Vrålstad (H)

#### Varamedlemmer for AP:

Simone Buyck (AP)  
Lars Arvid Bjørgulfson (AP)  
Vibeke Homme (AP)

#### Varamedlemmer for KrF/H/FrP/SP:

Ine Merete Jørgensen (FrP)  
Inge Audun Dahle (SP)

### Medlemmar av kontrollutvalet 2020 – 2023:

#### Faste medlemmer:

Øyvind Tveit, Leiar (KrF)  
Simone Buyck, Nestleiar (AP)  
Inge Audun Dahle (SP)  
Kim Jørgen Berntsen (AP)  
Cecilie Hellum (SP)

#### Personlege varamedlem:

Magne Fjelløy (SP)  
Kirsten Jensby (AP)  
Sondre Heimdal (SP)  
Kjell Asbjørn Solberg (AP)  
Astrid Eidem Nordal (KrF)

## 1.2 Rammer for kontrollutvalet sitt arbeid

Ansvaret til kontrollutvalet følger av kommunelova § 23-2 første ledd: «*Kontrollutvalget skal påse at:*

- A. kommunens eller fylkeskommunens regnskaper blir revidert på en betryggende måte*
- B. det føres kontroll med at den økonomiske forvaltningen foregår i samsvar med gjeldende bestemmelser og vedtak*
- C. det utføres forvaltningsrevisjon av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet, og av selskaper kommunen eller fylkeskommunen har eierinteresser i*
- D. det føres kontroll med forvaltningen av kommunens eller fylkeskommunens eierinteresser i selskaper mv. (eierskapskontroll)*
- E. vedtak som bystyret eller fylkestinget treffer ved behandlingen av revisjonsrapporter, blir fulgt opp»*

Utover dette kan kontrollutvalet ta opp eit kvart spørsmål ved kommunen si verksemd som er knytte ansvarsområdet til utvalet. Det er berre lovverket, kommunestyret og utvalet sjølv som kan påleggje kontrollutvalet oppgåver og saker, eller setje grenser for kva saker utvalet kan handsame.

Kontrollutvalet har omfattande innsynsrett. Blant anna kan utvalet utan å bli hindra av teieplikt, krevje ei kvar opplysning, utgreiing eller eitkvart dokument og foreta dei undersøkingar som det finn naudsynt for å gjennomføre oppgåvene.

Leiaren av utvalet har møte- og talerett i kommunestyret når dei handsamar saker frå utvalet. Leiaren kan la eitt av dei andre medlemmane i utvalet utøve denne retten på sine vegner. Kontrollutvalet har rett til å vere til stades i lukka møte i folkevalde organ i kommunen.

Kontrollutvalet har ikkje høve til å føre kontroll med kommunestyret eller overprøve politiske prioriteringar eller kor politisk føremålstenleg eit vedtak er. Kontrollutvalet kan

likevel uttale seg om kommunestyret eller anna folkevald organ er i ferd med å treffe eller har treft eit ulovleg vedtak.

Aktørane i eigenkontrollen er kommunestyret (bystyret), kontrollutvalet saman med sekretariatet, kommunedirektøren og revisor. Ein god eigenkontroll krev samspel mellom desse. For at dette samspelet skal fungere, er det naudsynt at aktørane kjenner både sin eigen og kvarandre sine roller.

## 2. Kontrollutvalet sine ressursar

### 2.1 Sekretariatet

Kontrollutvalssekretariatet er støttespelar for kontrollutvalet og er viktig for eit godt og effektivt kontrollarbeid i kontrollutvalet. Sekretariatet skal etter kommunelova § 23-7, 2. ledd, sjå til at dei sakene som kontrollutvalet handsamar er forsvarleg utgreidd og at utvalet sine vedtak blir iverksette. Sekretariatet hjelper kontrollutvalet med mellom anna oppgåver knytte til administrasjon, rådgiving og koordinering.

Kommunen er medeigar i, og kontrollutvalet får sekretariattjenester frå Vestfold, Telemark og Agder kontrollutvalgssekretariat IKS (VETAKS). Med oppdrag for 34 kommunar og 2 fylkeskommunar i Agder, Vestfold og Telemark er VETAKS eitt av landets største kontrollutvalssekretariat. Sekretariatet har 10 tilsette og fast sekretær for kommunen var i 2023 Kristoffer Fjellgaard. Dagleg leiar er Line Bosnes Hegna.

Sekretariatet si heimeside er [www.vetaks.no](http://www.vetaks.no). Her finns informasjon om kontrollutvalet, møte, saker og sekretariatet.

### 2.2 Revisjonen

Kommunen er medeigar i, og har avtale om levering av revisjonstenester med Vestfold & Telemark revisjon IKS. Selskapet utfører rekneskapsrevisjon, forenkla etterlevingskontroll, forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll for kommunen. I tillegg kan revisor gjennomføre andre oppdrag etter avtale.

Oppdragsansvarleg rekneskapsrevisor er Hilde Vatnar, medan Birgitte Lindner Bøen er teamleiar for rekneskapsrevisjon. Kirsti Torbjørnson, Bente Hegg Ljøsterød og Anne Hagen Stridsklev er oppdragsansvarlege forvaltningsrevisorar.

Revisjonen si heimeside er [VTR | Vestfold Telemark Revisjon \(vtrevisjon.no\)](http://VTR | Vestfold Telemark Revisjon (vtrevisjon.no)). Her finns mellom anna revisjonen sine rapportar.

## 2.3 Økonomi

For å kunne utføre sin lovpålagde kontrollfunksjon på ein god måte er det viktig at kontrollutvalet er gitt tilstrekkeleg med ressursar.

Kontrollutvalet utarbeider årleg forslag til budsjett for kontrollarbeidet i kommunen. Dette skal følgje innstillinga til årsbudsjett til kommunestyret.

Kontrollutvalet handsama forslag til budsjett for kontrollarbeid 2023 i sak 22/22.

	<b>Budsjett 2023</b>	<b>Rekneskap 2023</b>
Møtegodtgjersle/ arbeidsgjevaravgift	60 000	45 488
Tapt arbeidsforteneste	25 000	7 236
Kurs og opplæring	46 000	29 472
Mat	12 000	12 347
Skyss og kostgodtgjersle	3 000	4 886
Kontingent til FKT	3 700	3 700
Abonnement	2 100	2 625
<b>Sum kontrollutvalet</b>	<b>151 800</b>	<b>105 754</b>
Kjøp av tenester – sekretariatet (Vetaks)	131 000	131 500
Kjøp av tenester – revisjonen (VTR)	450 226	463 173
<b>Totalsum</b>	<b>733 026</b>	<b>700 427</b>



### 3. Kontrollutvalet si verksemd

Kontrollutvalet har i 2023 haldt 3 møte og handsama 31 saker.

Kontrollutvalet har nokre lovpålagde saker, som i hovudsak er knytte til rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll. Desse er omtalte i eigne delkapittel.

Gjennom året står kontrollutvalet fritt til å ta opp dei sakene og halde dei møta utvalet ynskjer. Døme på andre typar saker kontrollutvalet kan ha oppe gjennom året, er årsmelding, budsjettsak og møte- og arbeidsplan.

Ei fullstendig oversikt over sakene som er handsama i kontrollutvalet er vist i vedlegg 1.

Møta i kontrollutvalet er opne for publikum med unnatak av dei tilfella kor det etter lov og forskrift er pålagt å lukke møtet.

Saksdokumenta og protokollane vert fortløpande publiserte på sekretariatet si heimeside: [VETAKS | Vestfold, Telemark og Agder Kontrollutvalgssekretariat IKS](#)

#### 3.1 Rekneskapsrevisjon

Kontrollutvalet sine oppgåver i samband med rekneskapsrevisjon er regulert i forskrift om kontrollutval og revisjon § 3:

*Kontrollutvalget skal holde seg løpende orientert om revisjonsarbeidet og påse at*

- A. kommunens eller fylkeskommunens årsregnskaper blir revidert på en betryggende måte*
- B. regnskapsrevisjonen utføres i samsvar med lov, forskrift og kontrollutvalgets instruksjer og avtaler med revisor*
- C. regnskapsrevisjonen blir utført av revisorer som oppfyller kravene i [kapittel 2](#) og 3.*

*Kontrollutvalget skal uttale seg til kommunestyret eller fylkestinget om årsregnskapene og årsberetningene før formannskapet eller fylkesutvalget innstiller til vedtak.*

*Kontrollutvalget skal påse at regnskapsrevisorens påpekinger etter [kommuneloven § 24-7](#) til [§ 24-9](#) blir rettet eller fulgt opp. Hvis påpekingene ikke blir rettet eller fulgt opp, skal kontrollutvalget rapportere det til kommunestyret eller fylkestinget.*

Kontrollutvalet har hatt god dialog med rekneskapsrevisor i 2023. Revisor har gjennom året jamleg deltatt i utvalets møter, og oppdatert utvalet på arbeidet med gjennomføring av rekneskapsrevisjonen.

Kontrollutvalet handsamar kvar haust revisjonsplan for rekneskapsrevisjonen. I samband med handsaminga av årsrekneskapen i møtet 23.05.2023 handsama utvalet revisor sin rapport til kontrollutvalet der revisor gjorde greie for utført revisjon for årsrekneskapen 2022. Kontrollutvalet har ikkje motteke nummererte brev frå rekneskapsrevisor i 2023.

Kontrollutvalet uttalte seg om årsrekneskapen og årsmeldinga til kommunestyret i sak 12/23. Kontrollutvalet tilrådde godkjenning av årsrekneskapen og årsberetninga, men uttalte mellom anna til kommunestyret at «*Investeringsrekneskapen er avslutta med eit udekkka beløp på kr 1.816.000. Beløpet må dekkast inn i 2023*».

### **3.2 Forvaltningsrevisjon/eierskapskontroll**

Kommunelova pålegg kontrollutvalet å utarbeide ein plan for forvaltningsrevisjon og ein plan for eigarskapskontroll. Kommunelova §§ 23-3 og 23-4 viser dette.

Forvaltningsrevisjon inneber å gjennomføre systematiske vurderingar av økonomi, produktivitet, regelleterleving, måloppnåing og verknader ut frå kommunestyret sine vedtak.

Eigarskapskontroll inneber å kontrollere om den som utøver eigarinteressene til kommunen, gjer dette i samsvar med lover og forskrifter, vedtaka i kommunestyret og godkjente prinsipp for eigarstyring.

Kontrollutvalet skal minst ein gong i valperioden, og seinast innan utgangen av året etter at kommunestyret er konstituert, utarbeide ein plan som viser på kva område det skal gjennomførast forvaltningsrevisjonar og eigarskapskontrollar. Plan for forvaltningsrevisjon

skal basere seg på ei risiko- og vesentlegheitsvurdering av verksemda i kommunen og i kommunen sine selskap. Plan for eigarskapskontroll skal basere seg på ei risiko- og vesentlegheitsvurdering av kommunen sine eigarskap. Føremålet med risiko- og vesentlegheitsvurderinga er å finne ut kor det er størst behov for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll.

Det er kommunestyret sjølv som skal vedta planane. Kommunestyret kan delegere til kontrollutvalet å gjere endringar i planane. Kontrollutvalet handsama saka i møtet 03.09.2020 sak nr. 18/20. Planen er godkjent av kommunestyret i møte 15.10.2020 i sak 63/2020.

## **Plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll 2020-2023:**

### **Forvaltningsrevisjon**

#### 1. Barnehage

- Tema: Kvalitet i barnehagane, organisering og gjennomføring av tilsyn.
- Avbestilt prosjektplan i sak 13/21: Statsforvaltaren har varsla Nissedal kommune om at dei vil føre tilsyn med kommunen som barnehagemyndede. Det ble ikkje naudsynt med vidare oppfølging av forvaltningsrapporten.

#### 2. Openheit og innsyn, journalføring og arkiv

- Tema: Rutinar og praksis, journalføring, arkivering, handtering av innsynskrav og gradering av dokument.
- Rapport levert i sak 1/22. Kontrollutvalet har i sak 21/23 fått attendemeldingar frå kommunedirektøren og har avslutta oppfylginga. Kontrollutvalet forventar at saka kjem til vidare handsaming i kommunestyret våren 2024.

## Eigarskapskontroll

### 1. Eigarstyring

- Tema: Styringsdokument, styringsdialog og styrevalprosessar.
- Rapport levert i sak 27/22. Kontrollutvalet har i sak 13/23 fått attendemelding frå kommunedirektøren har avslutta oppfølginga.

**Kontrollutvalet har vidare i 2020 – 2023 følgd opp følgjande forvaltningsrapportar:**

## Forvaltningsrevisjon

### 1. Oppfølging av rapporten «Saksutgreiing» - byggjeprojekt

- Kontrollutvalet fekk lagt fram forvaltningsrevisjonsrapporten «Saksutgreiing» i sak 9/18 og ved utgangen av valperioden var oppfølginga i kontrollutvalet ikkje avslutta.
- Kontrollutvalet fekk i sak 2/21 attendemelding frå kommunedirektøren på alle punkt og har avslutta oppfølginga av rapporten.

### 2. Oppfølging av rapporten «IATA IKS – Eigarstyring og sjølvkost»

- Kontrollutvalet fekk lagt fram forvaltningsrevisjonsrapporten «IATA IKS – Eigarstyring og sjølvkost» i sak 5/20.
- Kontrollutvalet fekk i sak 36/21 attendemelding frå rådmannen på alle punkt og har avslutta oppfølginga av rapporten.

### 3. Prosjektplan for forvaltningsrevisjon av Vest-Telemark PPT IKS levert i sak 12/22

- Statsforvaltaren har gjennomført eit omfattande tilsyn som vart avslutta i januar 2023. Det var ikkje naudsynt med vidare oppfølging av tilsynet. Nissedal kontrollutval avslutta prosjektet i sak 16/23, på lik linje med kontrollutvala i dei andre eigarkommunane.

### **Proessen med ny plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll**

Kontrollutvalet er vidare i gong med prosessen med ny plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll for den nye valperioden. Informasjon om prosessen med risiko- og vesentlegheitsanalyse som grunnlag for plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll 2024 – 2028 ble lagt fram i sak 7/24.

I møte 19.09.2023 bestilte utvalet ein risiko- og vesentlegheitsvurdering frå Vestfold og Telemark revisjon IKS. Arbeidet med risiko- og vesentlegheitsvurdering perioden 2023- 2027 blei forankra i nytt utval i møte 23.01.2024.

Kontrollutvalet får vidare lagt fram revisor si risiko- og vesentlegheitsvurdering i møte våren 2024 og sekretariatet legg da fram forslag til ny plan for forvaltningsrevisjon og plan for eigarskapskontroll.

### **3.3 Ansvar for økonomiforvaltninga**

Kontrollutvalet skal sjå til at det først kontroll med at den økonomiske forvaltninga går føre seg i samsvar med gjeldande bestemningar og vedtak (kommunelova § 23-2, 1. ledd bokstav b.).

Rekneskapsrevisor legg årleg fram ein rapport på utført forenkla etterlevingskontroll med økonomiforvaltninga. I møtet 19.09.2023 i sak 23/23, la revisor fram rapport om etterlevingskontroll av reglar for offentlege anskaffingar. Revisjonen sin uttale inneheldt ingen merknader.

### **3.4 Anna arbeid i utvalet**

Administrasjonen har ved fleire høve blitt invitert til kontrollutvalet for å orientere om ulike verksemdsområde i kommunen. Kontrollutvalet ynskjer å vere synleg og ha god kontakt med leiinga i kommunen. Kommunedirektøren og representantar for kommunedirektøren har delteke på fleire av møta i utvalet, noko kontrollutvalet oppfattar som ein styrke i arbeidet sitt.

#### **Kurs og konferansar**

Det blir stilt stadig større krav og forventningar til kompetansen til kontrollutvalet, både frå det politiske miljøet og innbyggjarane i kommunen. Kunnskap om rolla til kontrollutvalet, oppgåver og lovverk er naudsynt for å utføre dei oppgåvene som går fram av lov og forskrift.

Kontrollutvalet var representert på følgjande kurs og konferansar i 2023:

- NKRF, kontrollutvalgskonferansen 2023
- VETAKS, Opplæring av nye kontrollutval, hausten 2023
- Ny leiar av kontrollutvalet deltok på del 1 av kontrollutvalgslederskolen, hausten 2023.

Nissedal kommune 20.02.2024

Kontrollutvalget

## 4. Vedlegg

### 4.1 Oversikt over saker handsama i utvalet

#### Møte 07.03.2023

1/23 - Oppfølging av Statsforvaltaren sitt tilsyn med Nissedal kommune som barnehagemynde

2/23 - Sak om vass- og avlaupsgebyr i Nissedal kommune

3/23 - Kalender for samordning av statlege tilsyn i Nissedal kommune

4/23 - Årsmelding 2022 for Nissedal kontrollutval

5/23 - Revisor sin eigenvurdering av sjølvstende 2023 - forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll

6/23 - Orientering fra revisor 7.3.2023 Nissedal

7/23 - Referatsaker 7.3.2023 Nissedal

8/23 - Eventuelt 7.3.2023 Nissedal

#### Møte 23.05.2023

9/23 - Orientering om VA-prosjektet

10/23 - ny orientering om dei skriftlege rutinane knyta til det økonomiske internkontrollsystemet

11/23 - Orientering fra revisor 23.05.2023 Nissedal

12/23 - Årsregnskap og årsberetning 2022 Nissedal kommune - Kontrollutvalgets uttalelse

13/23 - Oppfølging av rapport om eigarstyring og styreval - Nissedal kommune

14/23 - Orientering om status i arbeidet lukking av avvik etter Statsforvaltaren sitt tilsyn med kommunal beredskapsplikt i Nissedal

15/23 - Oppfølging av politiske vedtak

16/23 - Anmodning om å utsetje forvaltningsrevisjonsprosjektet Vest Telemark PPT IKS - Nissedal kommune

17/23 - Referatsaker 23.05.2023 Nissedal

18/23 - Eventuelt 23.05.2023 Nissedal

### **Møte 19.09.2023**

19/23 - Informasjon om gjennomføringa av arkeologisk registrering ved jettegrytene

20/23 - Oppfølging av politiske vedtak i Nissedal kommune

21/23 - Oppfølging av forvaltningsrevisjon om arkiv og openheit

22/23 - Status i arbeidet med lukking av avvik etter Statsforvaltaren sitt tilsyn med kommunal beredskapsplikt i Nissedal

23/23 - Forenkla etterlevingskontroll med økonomiforvaltninga - Nissedal 2022 - Revisors uttale

24/23 - Budsjett for kontrollarbeidet 2024 - Nissedal kommune

25/23 - Bestilling av risiko- og vesentlegheitsvurdering som grunnlag for plan for forvaltningsrevisjon og plan for eigarskapskontroll 2024-2028 - Nissedal kommune

26/23 - Innspel til risiko- og vesentlegheitsanalysen for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll 2024-2028 – Nissedal kommune

27/23 - Drøftingssak "Evaluering av arbeidet i kontrollutvalet" - Nissedal kommune

28/23 - Uavhengighetserklæring frå rekneskapsrevisor 2023 - Nissedal Kommune



29/23 - Orientering fra revisor 19.09.2023 Nissedal

30/23 - Referatsaker 19.09.2023 Nissedal

31/23 - Eventuelt 19.09.2023 Nissedal

## 4.2 Kjelder til informasjon

### **Lover og forskrifter**

Kommuneloven (<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2018-06-22-83?q=kommune>)

Offentleglova (<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2006-05-19-16?q=offentlig>)

forvaltningsloven (<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1967-02-10?q=forvaltning>)

Forskrift om kontrollutvalg og revisjon (<https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2019-06-17-904?q=kontrollutvalg>)

### **Veiledere**

Kontrollutvalgsboka

(<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/kontrollutvalgsboka/id2893214/>)

Veileder til kontrollutvalgs- og revisjonsforskriften

(<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/veileder-til-kontrollutvalgs-og-revisjonsforskriften/id2838745/>)

### **Samarbeidspartnere og bransjeorganisasjoner**

Forum for kontroll og tilsyn ([www.fkt.no](http://www.fkt.no))

NKRF – kontroll og revisjon i kommunene ([www.nkrf.no](http://www.nkrf.no))

Forvaltningsrevisjonsregisteret ([www.forvaltningsrevisjon.no](http://www.forvaltningsrevisjon.no))

Nasjonal tilsynskalender (<https://tilsynskalender.statsforvalteren.no>)

### **Sekretariatets hjemmeside**

Sekretariatets hjemmeside ([www.vetaks.no](http://www.vetaks.no))

Kontrollutvalgenes sakspapirer (<https://opengov.360online.com/Meetings/VETAKS>)